



Selje kommune  
Kommunehuset  
6740 Selje

## Gjeld arealdelen til kommuneplanen - tilbakemelding etter vedtaket i planutvalet 2.5.2017

Vi viser til oversending pr. e-post 03.05.2017.

Vi registrerer at kommunen v/planutvalet ikkje har teke alle motsegnene til følgje, jf. pkt. 2,3 og 4 i planutvalet sitt vedtak.

Vidare bryt pkt. 5 med vår tidlegare føresetnad for å fråfalle ei motsegn herifrå. Pkt. 5 omfattar byggeområde (BN10, SHA6 og VS2) som vi fremja motsegn mot ved første gongs offentleg ettersyn, og som vart teke ut i samband med andre gongs offentleg ettersyn. Vi trekte då motsegna. Vi vil presiserer at kommunen ved sluttbehandlinga ikkje kan eigengodkjenne ei endring som nemnt i pkt. 5, utan å leggje saka fram for oss som direkte råka sektorstyresmakt, jf. tilsvarende regel i plan- og bygningslova § 11-17 siste setning.

Vi finn det også ryddig å allereie no gjere merksam på at vår tidlegare motsegn mot denne arealbruken står fast, og at vi opprettheld motsegn mot arealbruken slik det går fram av fråsegna vår 20.09.2016 (sjå s. 6). Vi viser også til s. 10-11 i fråsegna 04.05.2017 som gjeld utvidinga av byggeområde BKB5 i samband med andre gongs offentleg ettersyn. Ei ytterlegare utviding av område BKB5 (som 'erstatning' for tidlegare BN10, SHA6 og VS2) som føreslege av Selje FRP og vedteke av panutvalet, føreset derfor evt. mekling, tilsvarende pkt. 3 og 4, om kommunestyret vedtek dette.

Kommunen spør om det er særlege prosedyrar/omsyn kommunestyret bør vere merksam på, før vedtak om å gå til mekling eventuelt vert gjort den 09.05.2017. Vi strekar under at kommunestyret sjølv er ansvarleg for den kommunale planprosessen, jf. plan- og bygningslova § 3-3 andre ledd, og at vår tilbakemelding på dette punktet er å sjå på som rettleiingar overfor kommunen.

Det går fram av e-posten dykkar at kommunen meiner dei aktuelle motsegnene (pkt. 2-4, jf. også 5), knyter seg til klart avgrensa delar av planen, jf. plan- og bygningslova § 11-16 første ledd andre setning, og at resten av arealdelen derfor kan vedtakast med rettsverknad. Fylkesmannen gjer merksam på at vurdering av kor vidt ei motsegn gjeld «*klart avgrensede deler av planen*», er ei objektiv og planfagleg vurdering. Føresetnaden er at dei delane som skal vedtakast med rettsverknad, ikkje kan verte påverka av motsegna (Norsk Lovkommentar, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 227.).

Om det er mogleg å vedta dei andre delane av planen med rettsverknad eller ikkje, må vurderast konkret. Generelt vil vi peike på at samferdselstiltak, jf. § 11-7 nr. 2, slik som hurtigbåtkaiar, ofte lettare vil påverke heilskapen i arealplanar, og vere eigna til å leggje føringar for framtidig

arealutvikling utover det konkrete området. Slike arealformål stiller seg gjerne annleis, enn t.d. utviding av enkeltvise byggjeområde, jf. § 11-7 nr. 1. Vi viser mellom anna til SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging på dette punktet ( [BATP](#)), sjå BATP pkt. 4.4 om kollektivknutepunkt, jf. pkt. 6.4 og pbl. § 6-2.

Ut frå planprosessen, planomtalen og den føreslegne arealbruken på plankartet (jf. vedlagt utsnitt), er det grunn til å stille spørsmål ved om ikkje lokaliseringvalet for hurtigbåtterminal (BAB7/SHA1) kan påverke arealbruken for Selje sentrum, herunder kommunen sine val av framtidig utviklingsretning for infrastruktur, samferdselsanlegg og utbyggingsområde. Vi presiserer elles på nytt at kommunen v/kommunestyret sjølv vurderer og tek stilling til om § 11-16 første ledd, siste punktum, kan nyttast.

Med helsing

Eline Orheim  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Dag Endre Stedje  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*